

Reglement for flagging på kommunale bygningar

Flagging på kommunale bygningar skjer

- a) på Norge sine offisielle flaggdagar og på følgjande dagar:
 - 8. mars: Kvinnedagen
 - 23. mars: Nordens dag
 - Bevegeleg: Fyrste skuledag i grunnskulane
 - Bevegeleg: Dagen for kommunestyre- og fylkestingsval
- b) dersom statlege styresmakter oppmodar til det, i samband med besøk frå kongehuset og ved større arrangement i kommunen.
- c) ved særlege høve, etter avgjerd av ordføraren. Ved særlege høve som berre gjeld vedkommande bygning eller krins, etter avgjerd frå vedkommande administrative leiar (rektor, styrar og liknande) i kvart einskild tilfelle. Flagging etter dette punktet skal som hovudregel skje utan utgift for kommunen.

I utgangspunktet skal det berre flaggast med Norges Flagg, det samiske flagget og kommuneflagget på kommunen sine bygningar. I samband med arrangement, markering eller merkedag av allmenn interesse kan det likevel flaggast med andre flagg. Avgjerd om flagging med andre flagg vert gjort av ordføraren.

Kommunedirektøren kan gjere endringar i reglementet som følgje av endringar i lov eller forskrift, så langt endringane ikkje er av prinsipiell karakter.